

Vedlegg 3

Offentleg eller privat tenesteyting

- 2.24 M1 skal nyttast til museumsføremål. Det er ikke reguleringskrav for området. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 1

Sentrumsføremål

- 2.25 Føremålet gjeld sentrumsområde med tilhørende sentrumsfunksjonar som bustad, infrastruktur, forretning, kontor, og kulturtilbod jf. Pbl § 11-7 nr. 1
- 2.26 I senterområde er det tillede med kombinerte bygg for kontor/forretning/bustad. Ålment tilgjenge skal ha fortrinnsrett på gatenivå og skal vere planlagt i tråd med krav til universell utforming. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5
- 2.27 Det skal dokumenterast tilfredstillande forhold til varelevering og tilkomst for renovasjon. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 3
- 2.28 For sentrumsområde i Lonevåg og Haus skal det utarbeidast områdeplan før nye større tiltak kan setjast i verk, herunder enkelttiltak og detaljregulering. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1
- 2.29 Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn ved nyoppføring og ombygging av kontor/forretning/bustad, samt ved opparbeiding og opprusting av vegar. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5
- 2.30 I sentrumsområda er byggjegrense mot strandsona 0 meter. Dette erstattar den generelle byggjeforbodssona på 100 meter dersom ikkje anna grense er sett i gjeldande reguleringsplan eller i kommuneplanen. Det skal vere tilgang for ålmenta i ei sone på 3 meter mot sjøkant. Heimel: Pbl 11-9 nr. 5
- 2.31 Detaljreguleringar skal ta stilling til visuelle uttrykk som fargebruk, materialbruk, samt skilt og reklame. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8

Råstoff utvinning

- 2.32 For område avsett til råstoffutvinning/ masseuttak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20 eller gjennomførast frådeling til slike føremål før området går inn i ein reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde krav om driftsplan. Driftsplan skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden, og det skal gå fram korleis området skal sjå ut etter ferdig uttak. Område med lausmassar skal i størst mogeleg grad førast tilbake til opphavleg bruk. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1 og nr 8

Idrettsanlegg

- 2.33 For I1 Litland skal det utarbeidast reguleringsplan før det kan gjevest løyve til bruk av området. Tilstand og eventuelle sikringstiltak med omsyn til nedlagde gruver, skal vere avklart og etablert før det kan gjevest løyve til bruk til motorsport. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4 og 8

Andre typar bygg og anlegg

- 2.34 Større område for massedeponi kan ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde krav om plan for drifta. Driftsplan skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8